



Fylkesmannen i
Hordaland

TILSYNSRAPPORT

Skulen sitt arbeid med elevane sitt
utbytte av opplæringa
og
Skulebasert vurdering

Lindås kommune – Ostereidet ungdomsskule

Innhald

1. Innleiing	3
2. Om tilsynet med Lindås kommune – Ostereidet ungdomsskule	3
2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular.....	3
2.2 Fylkesmannens undersøkingar.....	3
3.0 Del I: Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa.....	4
3. Skulens arbeid med opplæringa i fag	5
3.1 Rettslege krav	5
3.2 Fylkesmannens funn og vurderingar.....	6
3.2.1 Kommunen sin tilbakemelding på førebels rapport.....	8
3.3 Fylkesmannens konklusjon.....	8
4. Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte	9
4.1 Rettslege krav	9
4.2 Fylkesmannens funn og vurderingar.....	10
4.2.1 Kommunen sin tilbakemelding på førebels rapport.....	13
4.3 Fylkesmannens konklusjon.....	14
5. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning.....	14
5.1 Rettslege krav	14
5.2 Fylkesmannens funn og vurderingar.....	15
5.3 Fylkesmannens konklusjon.....	16
6. Vurdering av behov for særskild språkopplæring.....	16
6.1 Rettslege krav	16
6.2 Fylkesmannens funn og vurderingar.....	17
6.3 Fylkesmannens konklusjon.....	17
7. Del II. Skulebasert vurdering	18
7.1 Rettslege krav	18
7.2 Fylkesmannens funn og vurderingar.....	20
7.3 Fylkesmannens konklusjon.....	22
8. Frist for retting av brot på regelverket.....	23
Vedlegg 1: Dokumentasjonsgrunnlaget	24
Vedlegg 2: Spørsmål til elevane	25

1. Innleiing

Fylkesmannen opna 8. juni 2016 tilsyn med Lindås kommune.

Felles nasjonalt tilsyn 2014-17 har hovudoverskrifta *Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa* og består av tre område for tilsyn: Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, forvaltningskompetanse og skulebasert vurdering. Denne rapporten omhandlar to av dei tre områda; elevane sitt utbytte av opplæringa og skulebasert vurdering. Utdanningsdirektoratet har utarbeidd rettleatingsmateriell¹ knytt til tilsynet, og Fylkesmannen har gjennomført informasjons- og rettleiningssamlingar.

Denne tilsynsrapporten inneholder frist for retting av ulovlege forhold avdekt under tilsyn, jf. kommunelova § 60 d.

Frist for retting er 1. mars 2017.

Dersom forholda ikkje er retta innan den fastsette rettefristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på etter reglane for dette i forvaltningslova, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova vert etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er derfor adressat for denne tilsynsrapporten.

2. Om tilsynet med Lindås kommune – Ostereidet ungdomsskule

2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som offentleg skuleeigar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd. Fylkesmannen sitt tilsyn på opplæringsområdet er tilsyn med det lovpålagde, jf. kommunelova § 60 b.

Fylkesmannens tilsyn med offentlege skular er utøving av myndighet og skjer i samsvar med reglane for dette i forvaltningsretten.

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, blir dette sett på som lovbro, uavhengig av om det er opplæringslova eller forskrifter fastsett i medhald av denne lova som er brotne.

2.2 Fylkesmannens undersøkingar

Tilsyn med Lindås kommune vart opna gjennom brev 8. juni 2016.

Fylkesmannens vurderingar og konklusjonar er baserte på skriftleg dokumentasjon og opplysningar frå intervju, sjå vedlegg.

Lærarane og rektor vart bedne om å nytte det elektroniske spørjeskjemaet ReFlex for å gje eigenvurdering med tilhøyrande dokumentasjon.

Fylkesmannen gjennomførte formøte 25. august der det blei gjort greie for lovkrava og gjennomføring av tilsynet.

¹ <http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn#111280>

Tilsynet omfattar faga matematikk, norsk og kunst og handverk. Alle lærarane som underviser i desse faga på 9. og 10. trinn, har fylt ut eigenvurderingsskjema for kvart fag. Alle lærarane har også svart på spørsmål om skulebasert vurdering.

Alle elevane på 9. trinn og 10. trinn vart valt ut til å svare på spørjeskjema knytt til dei tre faga. Spørsmåla er vedlagt, sjå vedlegg 2.

Fylkesmannen ba om å få tilsendt fem vedtak om spesialundervisning på 9. og 10. trinn saman med IOP. Kommunen og skulen måtte elles vurdere sjølv kva annan skriftleg dokumentasjon som skulle leggjast fram for å byggje opp om eigenvurderinga. Sjå vedlegg 1 for oversyn over dokumentasjonen som er lagt fram for Fylkesmannen. Frist for å svare på eigenvurderingane og sende inn dokumentasjon var 30. september 2016.

Det stadlege tilsynet vart gjennomført 25. oktober 2016 med eit opningsmøte og intervju med rektor og til saman seks lærarar som underviser i dei tre faga på 9. og 10. trinn.

Fylkesmannen sendte førebels tilsynsrapport til Lindås kommune 25. november. Førebels rapport vart drøfta på sluttmøtet som blei halde 1. desember. Lindås kommune fekk frist til å kommentere førebels rapport innan 9. desember, og har sendt inn sine kommentarar innan fristen.

3.0 Del I: Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa

Temaet for tilsynet er retta mot kjerneverksemda ved skulen: skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa. Det overordna formålet med tilsynet er å medverke til at alle elevar får eit godt utbytte av opplæringa.

Hovudpunkt i tilsynet vil vere:

- Skulens arbeid med opplæringa i fag
- Undervegsurvdering for å auke elevane sitt læringsutbytte
- Undervegsurvdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning
- Vurdering av behov for særskild språkopplæring

Tilsynet skal medverke til at kommunen som skuleeigar syter for at elevane:

- får kjennskap til og opplæring i måla som gjeld for opplæringa
- får tilbakemeldingar og blir involverte i eige læringsarbeid for å auke utbyttet av opplæringa
- får vurdert kontinuerleg kva for utbytte dei har av opplæringa
- blir følgde opp og får nødvendig tilrettelegging når utbyttet av opplæringa ikkje er tilfredsstillande

Manglande etterleving av regelverket kan føre til at elevane ikkje får realisert sine moglegheiter eller får lite utbytte av opplæringa.

3. Skulens arbeid med opplæringa i fag

3.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skulens arbeid med opplæringa i fag. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Rektor skal sikre at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål i faget

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06), jf. opplæringslova § 2-3 og forskrift til opplæringslova § 1-1. Det vil seie at opplæringa skal ha eit innhald som byggjer på kompetansemåla i læreplanen og medverkar til at dei blir nådde. Rektor må organisere skulen slik at dette blir sikra, jf. opplæringslova § 2-3.

Rektor skal sikre at undervisningspersonalet tek vare på eleven sin rett til å kjenne til mål for opplæring og kva som blir veklagt i vurderinga av eleven sin kompetanse

Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen og medverke til å forbetre opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-2. Eleven skal kjenne til kva som er måla for opplæringa og kva som blir veklagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det inneber at elevane må kjenne til kompetansemåla i læreplanane for faga, og at dei er grunnlaget for vurderinga av eleven sin kompetanse. Dei skal òg kjenne til kva læraren legg vekt på når læraren vurderer ein prestasjon. Frå og med 8. trinn skal elevane kjenne til kva som skal til for å oppnå dei ulike karakterane. Kravet til at dette skal vere kjent, inneber noko meir enn at informasjonen er tilgjengeleg for elevane. Rektor må organisere skulen for å sikre at undervisningspersonalet formidlar dette til elevane.

Rektor skal sikre at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet / i faget og dei individuelle opplæringsmåla i IOP.

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter LK06, jf. opplæringslova § 2-3 og forskrift til opplæringslova § 1-1. For dei fleste fag i grunnskulen er kompetansemåla førte opp per hovudtrinn eller etter fleire års opplæring. I slike tilfelle må rektor sikre at elevane får opplæring i alle kompetansemåla i faget / på hovudtrinnet gjennom opplæringsløpet. Opplæringslova § 5-5 heimlar at ein elev som får spesialundervisning, kan ha unnatak frå kompetansemåla i dei ordinære læreplanane. Gjeldande opplæringsmål for eleven skal da gå fram av ein individuell opplæringsplan (IOP). I slike tilfelle må skulen sikre at opplæringa for eleven dekkjer dei individuelle måla.

Alle elevar som har vedtak om spesialundervisning, skal ha IOP.

Skulen skal utarbeide ein individuell opplæringsplan (IOP) for alle elevar som får spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-5. Det må gå fram av IOP kva for tidsintervall han gjeld for.

Innhaldet i IOP skal samsvare med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa og synleggjere eventuelle avvik frå LK06.

IOP-en skal vise mål for og innhaldet i opplæringa og korleis opplæringa skal gjennomførast, jf. opplæringslova § 5-5. Reglane for innhald i opplæringa gjeld så langt dei passar for spesialundervisninga. Det kan føre til at måla for opplæringa vik av frå kompetansemåla i læreplanane i LK06.

Før skulen/kommunen gjer eit enkeltvedtak om spesialundervisning, skal PPT utarbeide ei sakkunnig vurdering. Den sakkunnige vurderinga skal gje tilråding om innhaldet i opplæringa, mellom anna realistiske opplæringsmål for eleven, og kva for opplæring som gjev eleven eit forsvarleg opplæringstilbod. Vedtaket om spesialundervisning skal byggje på den sakkunnige vurderinga, og eventuelle avvik må grunngjenvast. Vedtaket om spesialundervisning fastset rammene for opplæringa og dermed innhaldet i IOP-en. IOP-en kan først takast i bruk etter at det er gjort enkeltvedtak om spesialundervisning.

IOP må ha eigne mål for opplæringa når eleven si opplæring vik av frå LK06, og skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for å sikre at IOP-en er samordna med planane for den ordinære opplæringa (klassen).

Kompetansemåla i læreplanane gjeld for spesialundervisning så langt dei passar, jf. § 5-5 i opplæringslova. Skulen skal leggje vekt på utviklingsmoglegheitene for eleven og dei opplæringsmåla som er realistiske innafor det same totale undervisningstimetalet som for andre elevar, jf. opplæringslova § 5-1. Den individuelle opplæringsplanen skal vise måla for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-5. Dersom vedtaket om spesialundervisning ikkje inneheld avvik frå LK06, eller berre har færre kompetansemål i eit fag enn i den ordinære læreplanen, må dette òg komme klart fram i IOP. Det må òg komme klart fram i kva for fag eller delar av fag eleven eventuelt skal følgje ordinær opplæring (i klassen). Skulen må ha ein framgangsmåte som opplyser om korleis ein skal sjå spesialundervisninga og den ordinære opplæringa i samanheng / arbeide saman i slike tilfelle. Framgangsmåten må vere kjent og innarbeidd av dei som har ansvaret for å utvikle IOP og for å gjennomføre opplæringa.

3.2 Fylkesmannens funn og vurderingar

Rektors sikring av at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål i faget

I eigenvurderinga og intervjeta svarer lærarane ja på spørsmålet om rektor sikrar at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål i det enkelte faget. Lærarane seier dette blir gjort gjennom at rektor ber faglærarane på det enkelte teamet utarbeide halvårsplanar. Rektor gir tidsfristar for arbeidet. I intervjeta kom det fram at rektor gir føringar på innhaldet i halvårsplanane, men ikkje på sjølve utforminga. Dei innsendte halvårsplanane gjenspegla dette i og med at dei var ulikt utforma.

Intervjeta viste at rektor i tillegg til tidsfristar, set krav om at både halvårsplanar og vekeplanar skal leggjast på *it's learning*. I dette systemet kan lærarane sjå at dokumenta blir lese av rektor. Det kom fram i intervjeta at rektor følgjer dette opp i teammøta og medarbeidarsamtalar.

Fylkesmannen finn det dokumentert at rektors organisering av arbeidet på skulen sikrar at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemåla i det enkelte faget.

Rektors sikring av at undervisningspersonalet tek vare på eleven sin rett til å kjenne til mål for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurderinga av eleven sin kompetanse

Rektor viser i eigenvurderinga si til at mål for opplæringa er synleggjort på alle halvårsplanar. Halvårsplanane i dei tre faga som er ein del av dette tilsynet - norsk, matematikk og kunst og handverk, inneheld også kjenneteikn på måloppnåing. Vekeplanane inneheld læringsmål. Rektor viser også til at planane vert gjennomgått i klassen og eleven får kopi og tilgang via *it's learning*.

Lærarane viser i eigenvurdering og i intervju til at rektor krev at dei skal skriva mål på vekeplanar. Vekeplanane vert lagt på *it's learning*, og rektor har tilgang og sjekkar. I intervjuet viser dei også til ein praksis der ein ofte går gjennom mål og kjenneteikn på måloppnåing i starten av timane, anten skriftleg på tavla eller i munnlege diskusjonar med elevane. Likeeins vert det vist til at det er ein vanleg framgangsmåte å gå gjennom mål og vurderingskriterier ved oppstart av eit nytt tema. Intervjuet viste at elevane i nokre høve også tar del i utarbeidninga av vurderingskriterier.

Faget kunst og handverk var ikkje omtalt i vekeplanane som er lagt fram som dokumentasjon under tilsynet. Det kom fram i intervju at mål og kjenneteikn på måloppnåing i dette faget vart gjennomgått med elevane i starten av nye tema/oppgåver. I den innsendte dokumentasjonen er det døme frå ulike hovudområde i læreplanen for faget som viste både mål og kjenneteikn på måloppnåing.

Lærarane seier i intervjuet at rektor også sikrar elevane sin rett gjennom drøftingar i team- og kontaktlærarmøta og gjennom tiltaket skulevandring. Lærarane stadfestar i intervju at dei etter gjennomført skulevandring får tilbakemelding frå rektor.

Fylkesmannen finn at rektor organiserer skulen på ein måte som sikrar at undervisningspersonalet formidlar kompetansemål og kva som blir vektlagt i vurderinga av kompetansen deira til elevane.

Rektors sikring av at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet / i faget og dei individuelle opplæringsmåla i IOP.

Rektor har sett fristar for innlevering av halvårsplanar som skal innehalde kompetansemål. Det vart stadfesta i intervjuet med lærarane at dette også blir etterspurd frå rektor. Intervjuet viste også at faglærarane på det enkelte trinnet samarbeider om å lage desse planane.

Skulen har inneverande skuleår brukt planleggingsdagar og fellestid på langdagar til lokalt læreplanarbeid. Dette kom fram i intervjuet og skulen sitt årshjul. Intervjuet viste at spørsmålet om korleis ein sikrar at planane dekkjer alle kompetansemåla i dei ulike faga på ungdomstrinnet, er sentralt i arbeidet. I intervjuet kom det fram at drøftinga går føre seg i fagteam der rektor og inspektør er med.

Inneverande skuleår er det gjort ei endring knytt til faget kunst og handverk der hovudområdet visuell kommunikasjon ikkje går fram av dei innsendte årsplanane. Det går midlertidig fram av heftet med fellesinformasjon frå rektor til alle tilsette ved skulestart hausten 2016 at skulen gjennomfører eit eige opplegg for å ivareta hovudområdet visuell kommunikasjon.

Rektor viser i intervju til at alle individuelle opplæringsplanar blir kontrollerte før dei vert sende ut med siktet på at mål skal samsvare med kompetansemål i LK06.

Alle lærarane stadfestar i intervjuet at rektor les og kontrollerer alle IOP `ane og årsrapportane knytt til desse.

Fylkesmannen finn at rektors organisering av arbeidet sikrar at opplæringa dekkjer alle kompetanseområda på hovudtrinnet / i faget og dei individuelle opplæringsmåla i IOP.

Alle elevar som har vedtak om spesialundervisning, skal ha IOP.

I eigenvurderinga skriv lærarane at det er kontaktlærar og faglærar som i samarbeid utarbeider IOP. I innsendt dokumentasjon kjem det fram at rektor set tidsfristar for dette arbeidet, og at rektor les alle IOP 'ane før dei vert sendt heim til føresette. Dette vart stadfesta i intervjuet.

Fylkesmannen finn at alle elevar som har vedtak om spesialundervisning, får IOP.

Innhaldet i IOP skal samsvara med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa og synleggjere eventuelle avvik fra LK06. IOP må ha eigne mål for opplæringa når eleven si opplæring vik av fra LK06.

Dei innsendte vedtaka omtalar i liten grad mål og innhald, men viser til IOP. Det er difor ikkje mogeleg å seie om det er samanheng mellom enkeltvedtaket og IOP når det gjeld innhaldet i opplæringa.

På spørsmålet om IOP-en har eigne mål for opplæringa når eleven si opplæring skal avvike fra ordinære læreplanar svarar alle lærarane ja, men det er ikkje gjeve nokon utgreining av svara. Rektor skriv at lærarane legg inn læringsmål som er tilpassa eleven der dette er aktuelt.

Omgrepet *avvik fra læreplanen* er ikkje brukt i innsendte sakkunnige vurderingar, enkeltvedtak eller IOP, med eit unntak. I ein IOP står det at eleven *ikkje* har avvik fra læreplanen i engelsk.

Fylkesmannen finn at det ikkje kjem fram i dokumentasjonen om innhaldet i IOP samsvarer med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa. Eventuelle avvik fra LK06 er heller ikkje synleggjort i IOP.

Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for å sikre at IOP-en er samordna med planane for den ordinære opplæringa (klassen).

Det kom fram både i eigenvurderingane og gjennom intervju at IOP vert samordna med den ordinære opplæringa så langt det er mogeleg. Dette skjer ved at alle halvårsplanar og vekeplanar vert lagt på *it's learning* og er tilgjengeleg for heile personalet. Det er også samarbeidsmøte mellom lærarar og assistenter som har eleven.

Fylkesmannen finn det dokumentert at skulen har ein innarbeidd framgangsmåte for å sikre at IOP-en er samordna med planane for den ordinære opplæringa.

3.2.1 Kommunen sin tilbakemelding på førebels rapport

Rektor skriv at han vil ha ein ny kontroll av både enkeltvedtaka og IOP i desember 2016. Føremålet er å sikra at innhaldet i IOP samsvarer med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa og at eventuelle avvik fra LK06 blir synleggjort.

Lindås kommune har frist for innsending av ny dokumentasjon innan 1. mars 2017.

3.3 Fylkesmannens konklusjon

Rektors organisering av arbeidet på skulen sikrar at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetanseområda i det enkelte faget.

Rektor organiserer skulen på ein måte som sikrar at undervisningspersonalet formidlar kompetansemål og kva som blir vektlagt i vurderinga av kompetansen deira til elevane.

Rektors organisering av arbeidet sikrar at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet / i faget og dei individuelle opplæringsmåla i IOP.

Alle elevar som har vedtak om spesialundervisning, får IOP.

Det er ikkje dokumentert at innhaldet i IOP samsvarer med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa. Eventuelle avvik frå LK06 er heller ikkje synleggjort.

Det er dokumentert at skulen har ein innarbeidd framgangsmåte for å sikre at IOP-en er samordna med planane for den ordinære opplæringa

4. Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte

4.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skulens arbeid med undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte av opplæringa. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og/eller i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Elevane skal få rettleiing i kva for kompetansemål frå LK06 eller mål i IOP som opplæringa er knytt til.

Elevane skal bli kjende med måla for opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Dette gjeld for alle årstrinn og gjeld òg for elevar med individuelle mål i ein IOP. Elevane skal bli i stand til å forstå kva dei skal lære, og kva som er formålet med opplæringa. Lærarane gjennomfører opplæringa og må kommunisere dette til elevane.

Elevane skal få rettleiing i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget.

Eleven skal kjenne til kva som blir vektlagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det inneber at elevane skal kjenne til kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse, og kva det blir lagt vekt på i vurderinga av ein prestasjon. Kravet til at det skal vere kjent for eleven, inneber at det ikke held at informasjonen ligg på Internett, eller at ein kan få informasjonen ved å spørje læraren. Lærarane må kommunisere grunnlaget for vurderinga til elevane.

Elevane skal få tilbakemeldingar på kva dei meistrar, og rettleiing i kva dei må gjere for å auke sin kompetanse.

Vurderinga undervegs i opplæringa skal gje god tilbakemelding og rettleiing til eleven og vere ein reiskap i læreprosesssen, jf. forskrift til opplæringslova § 3-2.

Undervegsvurdering skal medverke til at eleven aukar sin kompetanse i fag, jf. forskrifta § 3-11. Undervegsvurderinga skal elevane få løpende og systematisk, ho kan både vere skriftleg og munnleg, skal innehalde grunngjeven informasjon om kompetansen til eleven og skal gjevast med sikte på fagleg utvikling.

Elevane skal involverast i vurderinga av eige læringsarbeid.

Elevane skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling, jf. forskrift til opplæringslova § 3-12. Lærarane må syte for at elevane blir involverte i dette. Eleven si eigenvurdering skal vere ein del av undervegsvurderinga.

Elevane skal frå og med 8. årstrinn få halvårvurderinga utan karakter midt i opplæringsperioden i alle fag og på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje er avslutta. Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane i halvårvurderinga gjev informasjon om elevane sin kompetanse i faga og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen sin.

Halvårvurdering i fag er ein del av undervegsverderinga og skal uttrykkje eleven sin kompetanse knytt til kompetansemåla i læreplanverket, jf. forskrift til opplæringslova § 3-13. Halvårvurdering skal òg gje rettleiing i korleis eleven kan auke kompetansen sin i faget.

Halvårvurdering utan karakter skal elevane få gjennom heile grunnopplæringa og gjeld alle elevar uavhengig av vedtak og type opplæring. Det er ikkje sett krav til kva form vurderinga skal ha. Vurderinga kan derfor vere både skriftleg og munnleg. Frå og med 8. årstrinn og i vidaregåande opplæring skal vurderinga gjennomførast midt i opplæringsperioden. Frå og med 8. årstrinn og i vidaregåande skule skal elevane få vurdering utan karakter midt i opplæringsperioden og på slutten av året dersom faget ikkje blir avslutta.

Frå 8. årstrinn og i vidaregåande skule skal elevane i tillegg ha halvårvurdering med karakter midt i opplæringsperioden og på slutten av året dersom faget ikkje blir avslutta.

Skulen må gjennomføre halvårvurderinga utan karakter på riktige tidspunkt og ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at vurderinga til lærarane har eit innhald i samsvar med forskrifta.

Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at årsrapporten inneheld ei vurdering av utviklinga til eleven ut frå måla i IOP.

For elevar med spesialundervisning skal skulen, i tillegg til halvårvurdering med og utan karakter, ein gong i året utarbeide ein skriftleg rapport. Rapporten skal mellom anna gje vurdering av eleven si utvikling i forhold til måla i IOP, jf. opplæringslova § 5-5.

Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at elevane får årsrapportar på riktige tidspunkt og at årsrapportar har eit innhald i samsvar med forskrifta.

4.2 Fylkesmannens funn og vurderingar

Det er sendt inn tre ulike vekeplanar. Alle dei tre har rubrikkar for læringsmål, måloppnåing, aktivitetar/arbeidsoppgåver og tidsfrist. Det er også sendt inn seks halvårsplanar i faga norsk, matematikk og kunst og handverk samt døme på eigenvurderingar i desse faga. Under intervjuet vart det lagt fram eit eige hefte om elevvurdering «Vurdering for læring. Ostereidet ungdomsskule 2016 – 19». I intervjuet kom det fram at halvårsplanane vert laga i samarbeid mellom faglærarane på steget.

Elevane skal få rettleiing i kva for kompetansemål frå LK06 eller mål i IOP som opplæringa er knytt til

Alle lærarane svarar i eigenvurderinga at elevane får rettleiing i kva for kompetansemål eller mål i IOP som opplæringa er knytt til. Det er ikkje gjeve nokon utgreiing av svara.

I intervjuet kom det fram at elevane, inkludert elevar med IOP, vert kjent med kompetansemåla på fleire måtar. Alle lærarane viste til at halvårsplanane hadde

kompetansemål og at dei vart gjennomgått med elevane. Fleire lærarar viste til at ein starta dagen eller timen ved å vise til mål for timen eller mål for veka. Dette vart gjerne gjort skriftleg, på tavla eller på vekeplanar, men nokon gongar vart det gjort munnleg. Vekeplanane inneholdt som regel læringsmål som er forenkla kompetansemål. Fleire av lærarane var veldig klar over faren ved å forenkla for mykje og la vekt på å visa elevane samanhengen mellom læringsmåla og kompetansemåla.

Fylkesmannen finn at elevane får rettleiing i kva for kompetansemål frå LK06 eller mål i IOP som opplæringa er knytt til.

Elevane skal få rettleiing i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget.

Alle lærarane svarar i eigenvurderinga at elevane får rettleiing i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget. Det er ikkje gjeve nokon utgreiing av svara bortsett for at ei gruppe lærarar viser til at dømer på måloppnåing vert gjeve på halvårsplanane.

Eleven skal kjenne til kva som blir vektlagt i vurderinga. Det inneber at elevane skal kjenne til kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse, og kva det blir lagt vekt på i vurderinga av ein prestasjon.

I halvårsplanane i matematikk for 10. trinn vert Utdanningsdirektoratet sine kjenneteikn på måloppnåing brukt. Dei same kjenneteikna blir brukt for 9. trinn. I halvårsplanane i norsk vert det skrive litt om vurderingsform knytt til dei ulike tema. Norskplanen på 10. trinn inkluderer Utdanningsdirektoratet sine kjenneteikn på måloppnåing. Norskplanen på 9. trinn har ingen slike kjenneteikn. I halvårsplanen i kunst og handverk for 9. trinn står det om vurdering: «Du vert vurdert på m.a. desse områda: Innsats, meistring = kor flink er du til å utføra /gjennomføra arbeidet ditt og kor fint arbeid gjer du, sjølvstendigheit, kreativitet, viser du ansvar når du arbeider?». Halvårsplan for 10. trinn hausten 2016 inneholder ein omtale av kva vurderinga vil legge vekt på.

Intervjuet viste også ein ulik praksis for korleis elevane vert informert om kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse.

Den innsendte dokumentasjonen viser i varierande grad kva som vert vektlagt i vurderinga og korleis vurderingskriteria er kopla til kompetansemåla i faget.

Fylkesmannen finn det ikkje dokumentert at lærarane sørger for at elevane kjenner til kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse, og kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget.

Elevane skal få tilbakemeldingar på kva dei meistrar, og rettleiing i kva dei må gjere for å auke sin kompetanse

Ostereidet ungdomsskule har utarbeida eit eige skriv «Om foreldresamtalen». I dette skrivet vert det referert til lovkrav og gjort greie for rutinane ved skulen knytt til arbeidet med undervegsvurdering. Skulen har også eit liknande skriv «Elevsamtalet OUS 2016-17» der rollefordelinga mellom kontaktlærar og faglærar vert tydeleggjort. Det er sendt inn eit døme på innkalling til foreldresamtale «Invitasjon til halvårssamtale for elev og

foreldre». Desse skriva viser at elev og føresette får tilbakemeldingar og rettleiing for vidare arbeid til faste tider gjennom året.

I intervjuet kom det fram at lærarane gjev elevane undervegsvurdering heile tida. Det vert mellom anna vist til munnlege tilbakemeldingar i timane, skriftlege tilbakemeldingar på prøvar og innleverte oppgåver samt tips til vidare arbeid etter innlevering av skriftleg arbeid.

Fylkesmannen finn at det kjem fram i den innsendte dokumentasjonen og vart stadfesta gjennom intervjuet at elevane får tilbakemeldingar på kva dei meistrar, og rettleiing i kva dei må gjere for å auke sin kompetanse.

Elevane skal involverast i vurderinga av eige læringsarbeid.

I samband med tilsynet vart det sendt inn fleire ulike dokument som viste ulike måtar å involvera elevane i eige læringsarbeid. Mellom anna vart det sendt inn eit samtalark knytt til faget matematikk og temaet *Likningar og ulikskapar*. Eleven skal her reflektera rundt ein del spørsmål som t.d.: Kva har du lært om emnet som du ikkje kunne frå før? Korleis vurderer du den faglege framgangen din i arbeidet med emnet? Korleis lærer du best /kva for undervisningsmetode? Desse spørsmåla vart brukt som grunnlag for ein samtal mellom elev og faglærar. I norsk er det sendt inn eit døme på eigenvurdering knytt til bokpresentasjon på 9. trinn. I faget kunst og handverk er det sendt inn fleire døme på eigenvurdering knytt ulike oppgåver på både 9. og 10. trinn.

I intervjuet kom det også fram ulike metodar som lærarane brukte. Faglærarane i kunst og handverk viste til at i alle timer i faget skjer det ei kontinuerleg eigenvurdering med tilbakemelding frå faglærarar. Intervjuet viste også at elevene vurderer seg sjølv i høve til høg, middels og låg måloppnåing. Nokre gongar vart dette gjort i lag med faglæraren, andre gonger fekk eleven tilbakemelding i etterkant av eigenvurderinga. Føresette vert også oppmoda om å reflektera rundt måloppnåinga i lag med sitt barn og ikkje berre spørja elevane om dei har gjort leksene sine.

Fylkesmannen finn det dokumentert at elevane vert involvert i vurderinga av eige læringsarbeid.

Elevane skal frå og med 8. årstrinn få halvårsvurderinga med og utan karakter midt i opplæringsperioden i alle fag og på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje er avslutta. Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane i halvårsvurderinga gjev informasjon om elevane sin kompetanse i faga og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen sin.

I eigenvurderinga vart dei tilsette spurt om elevene frå og med 8. årstrinn får halvårsvurdering utan karakter midt i opplæringsperioden i alle fag. Her svarar både rektor og fleire lærarar nei. Det vert vist til at elevane får ein halvårsvurdering utan karakter i alle fag midt på hausten og midt på våren.

Det vert stadfesta gjennom innsendt dokumentasjon og intervju at Ostereidet ungdomsskule gjennomfører halvårsvurderinga med karakter på riktige tidspunkt. Ved skulen vert dette omtala som «utdeling av karakterkort».

På Ostereidet ungdomsskule har alle kontaktlærarane ein samtale med kvar elev under utdeling av karakterkortet. Gjennom intervjuet kom det fram at kontaktlærarane i denne samtalen, i dei faga der kontaktlærar er faglærar, gav ei grunngjeving for karakteren og rettleiing til eleven om korleis dei kan auka kompetansen. Det kom også fram at nokre faglærarar hadde fagsamtalar med enkeltelevar i samband med karakterfastsettinga, men det kom fram i intervjuet at dette ikkje vart gjort i alle fag og for alle elevane.

I dei interne dokumenta på skulen vert foreldresamtalen omtala som halvårvurdering utan karakter. I invitasjonen til foreldresamtalen som går føre seg haust og vår vert foreldra inviterte til ei munnleg halvårvurdering.

Fylkesmannen finn i den innsendte dokumentasjonen og gjennom intervjuet at elevane får halvårvurderinga med karakter på riktig tidspunkt, men at halvårvurderinga utan karakter ikkje er sikra for alle elevar i alle fag.

Fylkesmannen finn ikkje at skulen har rutinar som sikrar at det i halvårvurderinga blir gjeve informasjon til alle elevane om eleven sin kompetanse i alle faga og rettleiing om korleis eleven kan auke kompetansen sin.

Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at årsrapporten inneheld ei vurdering av utviklinga til eleven ut frå måla i IOP.

Plangruppa også ressursteamet ved skulen. Ressursteamet skal støtte og hjelpe lærarar og vere ein bindelekk til PPT. «Prosedyrar for samarbeidet PPT-skule» er lagt ved.

Det kom fram gjennom eigenvurderingane og intervjuet at det er den faglæraren som har ansvaret for spesialundervisninga i det enkelte faget, som skriv sin del av årsrapporten. Lærarane skriv i si eigenvurdering at dei er nøyne med kva mål dei set for eleven. Måla skal vera konkrete, målbare og realistiske, og difor lett å vurdera. Dette minner også rektor om ved oppstart kvar termin.

Kontaktlærar har ansvar for dei overordna tema i årsrapporten og sørger for at rapporten vert vidaresendt til rektor før den vert sendt ut til elev og føresette. Fristar for dette arbeidet kjem fram i skulen sitt årshjul.

Fylkesmannen finn at Ostereidet ungdomsskule har ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at årsrapporten inneheld ei vurdering av eleven si utvikling ut frå måla i IOP.

4.2.1 Kommunen sin tilbakemelding på førebels rapport

Rektor skriv at han har starta ein prosess på skulen for å sikra at alle lærarar synleggjer kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse opp mot måla i læreplanen.

Dette vil bli gjort i samband med revisjon av halvårsplanar for våren 2017.

Rektor skriv vidare at alle elevane vil få ein elevsamtalet der lærar orienterer om eleven sin kompetanse i alla faga og korleis eleven kan auke kompetansen sin i samband med halvårvurderinga i januar 2017.

Lindås kommune har frist for innsending av ny dokumentasjon innan 1. mars 2017. Dokumentasjonen må innehalde halvårsplanar i dei tre faga som var gjenstand for

tilsynet og ei erklæring om at alle elevar har fått ei halvårvurdering utan karakter i tråd med forskrifa.

4.3 Fylkesmannens konklusjon

Ostereidet ungdomsskule sikrar at elevane får rettleiing i kva for kompetansemål frå LK06 eller mål i IOP som opplæringa er knytt til.

Det er ikkje dokumentert at lærarane sørger for at elevane kjenner til kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse, og kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget.

Det er dokumentert at elevane får informasjon om sin eigen kompetanse i faga og rettleiing om korleis dei kan auke kompetansen sin.

Det er dokumentert at elevane er involvert i vurderinga av eige læringsarbeid.

Det er ikkje godt gjort at skulen har rutinar som sikrar at det i halvårvurderinga blir gjeve informasjon til alle elevane om elevane sin kompetanse i faga og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen sin.

Skulen har ein innarbeida framgangsmåte som sikrar at årsrapporten inneheld ein vurdering av eleven si utvikling ut frå måla i IOP.

5. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning

5.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skulens arbeid med undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løpende vurderer om alle elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Læraren skal, som ein del av undervegsvurderinga, vurdere om den enkelte eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-11. Skulen må ha ein kjent og innarbeidd framgangsmåte slik at lærarane systematisk og løpende vurderer om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og skulen må vurdere og eventuelt gjennomføre tiltak innafor tilpassa opplæring.

Alle elevar har krav på tilpassa opplæring, jf. opplæringslova § 1-3. Dersom ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, skal skulen først vurdere og eventuelt prøve ut tiltak innafor det ordinære opplæringstilbodet, jf. opplæringslova § 5-4. Skulen må sjå på om tiltak knytte til arbeidsmåtar, vurderingspraksis og arbeidsmiljø kan medverke til at eleven får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Framgangsmåten for

dette må vere kjent og innarbeidd. Dette skal skulen gjere før eleven eventuelt får tilvising til PPT for ei sakkunnig vurdering med tanke på spesialundervisning.

Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og sikre at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor.
I nokre tilfelle vil skulen vurdering og eventuelle utprøving av tiltak etter opplæringslova § 5-4 konkludere med at eleven ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa innafor det ordinære opplæringstilbodet. Eleven har da krav på spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1. Det er viktig at prosessen for å kunne gje spesialundervisning blir starta så snart som mogleg etter at behovet for dette er avdekt.
Undervisningspersonalet har derfor både plikt til å vurdere om ein elev treng spesialundervisning og å melde frå til rektor når det er behov for det, jf. opplæringslova § 5-4. Skulen må ha ein framgangsmåte som er kjent og innarbeidd blant lærarane slik at dei vurderer og melder behov for spesialundervisning.

5.2 Fylkesmannens funn og vurderinger

Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løpende vurderer om alle elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

På Ostereidet ungdomsskule er personalet organisert i tre samarbeidsgrupper/team. Desse gruppene har faste møter kvar veke. Eit av dei faste punkta i dette møtet er det lærarane kallar «screening/scanning» av elevane. Rektor eller inspektør deltek vanlegvis i desse møta, og det vert ført skriftleg referat som er tilgjengeleg på *it's learning*.

Plangruppa er som nemt også ressursteamet ved skulen. Plangruppa er sett saman av rektor og inspektør i tillegg til leiarane for samarbeidsgruppene. Ressursteamet skal støtte og hjelpe lærarar og vere ein bindelekk til PPT. «Prosedyrar for samarbeidet PPT-skule» er lagt ved.

I intervjuet la lærarane vekt på at det viktigaste i arbeidet med å vurdera elevane sitt læringsutbytte er den daglege oppfølginga i timane. Det vart også vist til at rektor har lagt føringar for bruk av ulike kartleggingsverktøy som skal brukast på alle elevane kvar haust.

Fylkesmannen finn at skulen har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løpende vurderer om alle elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og skulen må vurdere og eventuelt gjennomføre tiltak innafor tilpassa opplæring.

I eigenvurderinga fekk lærarane spørsmål om skulen har ein innarbeida framgangsmåte for å sikre at det for elever som ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, vert gjort ei vurdering av arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø. Alle lærarane svarar ja og viser til diskusjonar i teama der enkeltelevar si måloppnåing vert drøfta.

På spørsmål om skulen gjennomfører tiltak der ein finn at elevane ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa svarer også alle ja og det vert vist til at PPT vert

trekt inn. Rektor utdjupa dette i intervjuet. Skulen har jamlege møter med PPT der ein får rettleiing knytt både til enkeltelevar og til grupper av elevar.

I intervjuet vart lærarane spurd om kva tiltak som vert brukt ved skulen og då vart det mellom anna vist til bruk av læringspartner, justering av mengda og vanskegrad på arbeidet og opplæring i mindre grupper.

Fylkesmannen finn at skulen har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og at skulen vurderer og gjennomfører tiltak innanfor tilpassa opplæring.

Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og sikre at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor.

Det kom fram i eigenvurderingane og gjennom intervjuet at lærarane var godt kjende med framgangsmåten ved skulen for å vurdera og meldta trøng for spesialundervisning.

Fylkesmannen finn at skulen har ein innarbeidd framgangsmåte for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og sikrar at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor.

5.3 Fylkesmannens konklusjon

Det er dokumentert at skulen har ein innarbeida rutine for å sikre at lærarane systematisk og løpende vurderer om alle elevane får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og at denne rutinen sikrar at arbeidspraksis, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte.

Skulen har ein innarbeidd framgangsmåte for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og sikrar at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor.

6. Vurdering av behov for særskild språkopplæring

6.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skulens arbeid med å vurdere behov for særskild språkopplæring. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for å kartlegge elevane sine ferdigheter i norsk. For elevar med behov for særskild norskopplæring må ein innarbeidd framgangsmåte sikre at det blir vurdert om eleven òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.

Elevar i grunnopplæringa med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkelege ferdigheter i norsk til å følgje den ordinære opplæringa på skulen, jf. opplæringslova [§ 2-8 eller § 3-12]. Om nødvendig har elevane òg rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Kommunen har ansvaret for at kartlegginga av norskferdigitetene til eleven blir gjord før vedtaket om særskild språkopplæring. I dei fleste tilfella er det skulen som gjennomfører kartlegginga. Skulen må òg vurdere om eleven eventuelt har behov for morsmålsopplæring, tospråkleg

fagopplæring eller begge delar. Skulen må ha ein kjent og innarbeidd framgangsmåte som sikrar dette.

Elevar med vedtak om særskild språkopplæring skal få kartlagt sine norskferdigheter undervegs i opplæringa.

Skulen skal òg kartleggje eleven undervegs i opplæringa når eleven får særskild språkopplæring, jf. opplæringslova [§ 2-8 eller § 3-12]. Dette for å vurdere om eleven har tilstrekkelege ferdigheter i norsk til å følgje den vanlege opplæringa på skulen. Skulen må gjere ei individuell vurdering av tidspunktet for dette.

6.2 Fylkesmannens funn og vurderinger

Ostereidet ungdomsskule har elevar med anna morsmål enn norsk og det er for skuleåret 2016-17 gjort vedtak om særskild språkopplæring. Det er rektor som fattar vedtaka og det er sendt inn fem enkeltvedtak som dokumentasjon.

Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for å kartleggje elevane sine ferdigheter i norsk. For elevar med behov for særskild norskopplæring må ein innarbeidd framgangsmåte sikre at det blir vurdert om eleven òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.

Det kom fram i eigenvurderingane og gjennom intervjuat Ostereidet ungdomsskule brukar Utdanningsdirektoratet sitt kartleggjingsmatriell, supplert med andre testar.

Rektor stadfestar i eigenvurdering og intervju at det vert vurdert om eleven òg treng morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. Det er dette skuleåret ingen elevar som får morsmålsopplæring ved Ostereidet ungdomsskule, men det er elevar som får tospråkleg fagopplæring.

Fylkesmannen finn at skulen har ein innarbeidd framgangsmåte for å kartleggje elevane sine ferdigheter i norsk. Fylkesmannen finn også at det blir vurdert om eleven òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.

Elevar med vedtak om særskild språkopplæring skal få kartlagt sine norskferdigheter undervegs i opplæringa.

Det kom fram i eigenvurderingane og gjennom intervjuat elevar som har enkeltvedtak om særskild språkopplæring vert kartlagt undervegs i skuleåret.

Fylkesmannen finn det dokumentert at elevar med vedtak om særskild språkopplæring får kartlagt sine norskferdigheter undervegs i opplæringa.

6.3 Fylkesmannens konklusjon

Skulen har ein innarbeidd framgangsmåte for å kartleggje elevane sine ferdigheter i norsk. Det blir også vurdert om eleven òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.

Det er dokumentert at elevar med vedtak om særskild språkopplæring får kartlagt sine norskferdigheter undervegs i opplæringa.

7. Del II. Skulebasert vurdering

Skulebasert vurdering er skulen si jamlege vurdering av i kva grad eiga verksemd medverkar til å nå måla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Vurdering av eiga verksemd inneber at skulen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa.

I tilsynet vurderer vi om Ostereidet ungdomsskule gjennomfører skulebasert vurdering i samsvar med føresetnaden.

Elevvurdering, skulebasert vurdering og nasjonal vurdering skal ein sjå i samanheng. Dei ulike formene for vurdering skal samla sett utfylle kvarandre og medverke til at den enkelte eleven blir motivert til å ta i bruk sine evner og anlegg, og at dei nasjonale måla for opplæringa styrer arbeidet i skulen (Stortingsmelding 47 1995-1996). Det overordna formålet med tilsynet er at skulebasert vurdering på denne måten medverkar til at elevane får eit godt utbytte av opplæringa.

Tilsynet skal medverke til at kommunen som skuleeigar syter for at skulen ved skulebasert vurdering

- vel tema basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket
- vurderer ulike endringar som kan bidra til auka måloppnåing og følgjer opp desse
- sikrar ein brei medverknad i gjennomføringa
- gjennomfører vurderinga jamleg

Manglande eller mangefull gjennomføring av skulebasert vurdering kan føre til at skulen ikkje forbetrar si organisering, tilrettelegging eller gjennomføring av opplæringa for å auke elevane si måloppnåing. Elevane får dermed ikkje det utbyttet av opplæringa som dei elles kunne fått.

7.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi ført opp og utdjupa dei rettslege krava for tilsynet med skulebasert vurdering. Alle dei rettslege krava byggjer på forskrift til opplæringslova § 2-1.

Skulen skal velje tema for den skulebaserte vurderinga basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanverket (LK06).

Skulen skal jamleg vurdere i kva grad organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa bidreg til å nå måla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06), jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. I vurderinga må derfor skulen samanhalde resultatet av opplæringa med dei mål og prinsipp som er formulerte i læreplanverket. Denne vurderinga skal alltid, direkte eller indirekte, sikte mot å fremje utviklinga og utbyttet av læringshverfvet hos elevane.

Som første del av å gjennomføre ei skulebasert vurdering må skulen etablere eit kunnskapsgrunnlag som reflekterer breidda av mål i læreplanverket.

Kunnskapsgrunnlaget må bygge på kjelder som gir resultat frå faglege mål, og frå mål som omfattar trivsel og utvikling hos elevane på andre område enn dei faglege. I tillegg til eigne kjelder har skulane tilgang til fleire nasjonale kjelder i Skuleporten, for eksempel Elevundersøkinga.

Når skulen har fått eit breitt kunnskapsgrunnlag, må dei bruke dette til å gjere ei samla vurdering av i kva grad elevane når måla for opplæringa på ulike område. Dette skal gi skulen eit grunnlag til å reflektere og analysere heilskapleg i kor stor grad skulens elevar har nådd måla i læreplanverket.

Basert på denne refleksjonen må skulen velje tema for den skulebaserte vurderinga. Skulen skal sjå på område der skulen vurderer at endringar i skulens organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa kan fremje utvikling og utbytte av opplæringa hos elevane. Det vil seie endringar som kan auke elevane si måloppnåing. Val av tema må over tid ta vare på breidda av mål for opplæringa.

Skulen skal vurdere om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane i det valde temaet.

Den skulebaserte vurderinga skal identifisere kva for endringar som best kan auke måloppnåinga for elevane innanfor det skulen har valt å sjå på i vurderinga.

Målloppnåinga siktar her til alle måla i læreplanverket som inngår i det valde temaet, og ikkje berre faglege mål.

I kravet ligg det at skulen må vurdere endringar innanfor ulike rammevilkår for opplæringa, og i utgangspunktet ikkje berre velje å sjå på éin type tiltak. Endringar skulen kan vurdere, er nye tiltak som f.eks. oppstart av eit utviklingsarbeid. Skulen kan også vurdere om vidareføring av det som skulen allereie gjer, er det beste. Skulen må vurdere endringane for skulen som heilskap på systemnivå, sjølv om eventuelt konsekvensane av endringane i nokre tilfelle primært vil vise seg for enkelte klassar eller for enkelte fag.

Skulen skal følgje opp dei endringane som dei eventuelt kom fram til i den skulebaserte vurderinga.

Føremålet med den skulebaserte vurderinga er å syte for at skulen lærer og utviklar seg slik at elevane i enda større grad kan nå breidda av mål i læreplanverket. Når skulen gjennom vurderinga avdekkjer forbettingsområde, må skulen derfor følgje opp dette vidare. Endringane kan både vere at skulen set i verk nye enkelttiltak, eller at dei startar eit utviklingsarbeid. Skulen kan også komme fram til at dei berre vil oppretthalde og eventuelt forsterke det dei allereie gjer. I nokre tilfelle kan endringar eller tiltak som er foreslått vere slik at det er nødvendig med ein dialog med skuleeigaren før tiltaka eventuelt blir settet i verk.

Skulen skal ha ein brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering.

I ordet «skulebasert» ligg det at vurderinga må involvere alle berørte partar på skulen i både analysen og i arbeidet med endringar og tiltak på bakgrunn av analysen. Gjennom vurderinga blir personalet bevisstgjort på samanhengen mellom korleis opplæringa blir gjennomført, og i kva grad elevane når måla. Lærarane vil også vere sentrale i å gjennomføre dei fleste endringstiltaka. Å involvere lærarane er derfor viktig for at eventuelle tiltak skal lykkast. Skulen vurderer elles kven som skal delta ut frå tema som blir omhandla. Å involvere elevane vil vere aktuelt i mange tema.

Skulen skal gjennomføre skulebasert vurdering jamleg.

Den skulebaserte vurderinga må utførast i samsvar med føresetnaden, jf. dei føregåande krava til gjennomføringa av vurderinga. Skulen må gjennomføre slik skulebasert vurdering jamleg, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. I utgangspunktet bør vurderinga

gjennomførast årleg, men det må brukast skjønn der tidsbruk blir vurdert opp mot det forsvarlege.

7.2 Fylkesmannens funn og vurderingar

Kunnskapsgrunnlaget for val av tema

Ostereidet ungdomsskule har 100 elevar og 14 lærarar. Rektor har ein leiingsressurs på 65 % og inspektør har 25 %. Skulen er organisert i trinnteam, og teamleiarane og rektor utgjer skulen si plangruppe.

Skulen sitt årshjul viser at den skulebaserte vurderinga går føre seg i trinnteamma, i fagteam og i plenum. Skuleleiinga, rektor og inspektør, deltar på dei trinna dei har undervisning. Det er også stadfesta gjennom intervju at dette skjer i praksis.

Samtlege intervju stadfesta at omgrepet *skulebasert vurdering* er godt kjent i organisasjonen og at dette inneber ei vurdering av måloppnåing knytt til både faglege og sosiale mål. I intervju blei det også uttrykt at arbeidet med skulebasert vurdering vart sett på som sentralt når skulen har eit uttrykt ønskje om å vere lærande; både for å finne område som skulen treng å betre og for å finne område og lære av område der skulen har gode resultat. Eit av måla i skulen sin verksemdsplan, som er lagt fram i tilsynet, er at skulen skal arbeide som ein lærande organisasjon.

Ostereidet ungdomsskule legg ulike kunnskapskjelder til grunn for vurderingsarbeidet. Det nasjonalt utvikla kunnskapsgrunnlaget som femnar om faglege og sosiale mål for grunnskulen, er på Ostereidet ungdomsskule utvida med ei lokal, årleg undersøking for å gi skulen ei djupare innsikt i lovkrava om elevane sitt læringsmiljø er oppfylt. Skulen gjennomfører kvar vår ei eigenvurdering i personalet i høve til område som til dømes Vurdering for læring og læringsmiljøet for å finne fram til kvifor skulen har lukkast i arbeidet eller korleis ein kan gjere endringar for å nå leggje forholda betre til rette for elevane.

Det går fram av intervju og dokumentasjon at skulen i den skulebaserte vurderinga nyttar seg av

- ståstadsanalysen
- eksamensresultat
- nasjonale prøver
- Elevundersøkinga
- lokal mobbeundersøking
- foreldreundersøkinga
- årsevaluering/eigenvurdering i personalet

Dei ulike teama vurderer fortløpende den enkelte elevs måloppnåing og gjennomføringa av undervisninga. Desse vurderingane blir vidareført til plangruppa via teamleiarane og møtereferat.

Fylkesmannen finn at skulen med kjeldene som er omtalt over, har eit kunnskapsgrunnlag som reflekterer breidda av mål i læreplanverket. Dette kunnskapsgrunnlaget blir brukt aktivt gjennom skuleåret i arbeidet med å vurdere om elevane når måla i læreplanverket og skulens måloppnåing samla sett.

Vurdering av endringar

Det gjekk frem av alle intervjuet at skulen kontinuerleg vurderer elevens utbytte av opplæringa. Nasjonale data i Skoleporten viser at skulen scorar betre enn gjennomsnittet både for Hordaland fylke og for Lindås kommune på område som Vurdering for læring, mobbing og grunnskulepoeng. Intervju og dokumentasjon viste at Ostereidet ungdomsskule sine utviklingsområde baserer seg på kommunale føringer og eigne vurderingar gjort på bakgrunn av analysar av skulen sine kunnskapskjelder.

Intervju viste til dømes at resultat frå Ståstadanalysen og Elevundersøkinga har vore utgangspunkt for skulen si identifisering av Område for forbeting. Resultata viste behov for endring innan skulens tilrettelegging og gjennomføring av område som til dømes elevmedverknad, eigenvurderinga til elevane og klasseleiing.

Av dokumentasjonen kjem det fram at personalet har eit eige opplegg basert på IGP-metoden som dei nyttar i arbeidet med å synleggjere område der skulen ser endringsbehov. Denne metoden inneber at vurderingar tar utgangspunkt i individuell refleksjon før dei blir drøfta i mindre grupper. Eventuelle konklusjonar blir deretter gjort i plenum. Intervjuet viste at arbeidsmåten blei nytta i samband med vurdering av resultat frå til dømes Elevundersøkinga, nasjonale prøver og i gjennomføringa av den årlege oppsummerande vurderinga skulen har kvar vår.

Fylkesmannen finn det godt gjort at skulen vurderer om endringar i organiseringa, tilrettelegging og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane i det valde temaet.

Oppfølging av endringar

Skulen sin plan for perioden 2014 -2018 viser at skulen har følgjande satsingsområde: vurdering for læring, utvikling av lokale læreplanar, vidareføring av leselos og klasseleiing, lesing som grunnleggjande dugleik og psykisk helse.

Intervjuet vista at temaet klasseleiing vart vidareført i den nasjonale satsinga Ungdomstrinn i Utvikling. I skulen sin verksemndsplan for inneverande år blir arbeidet med dette temaet synleggjort som relevant på fleire plan. Det er til dømes omtalt som ein del av lærarsamarbeidet med tanke på refleksjon og læring. Intervjuet stadfesta at tiltak for oppfølging er kollegabasert rettleiing og skulevandring. Klasseleiingstemaet er også sentralt i arbeidet med relasjonar, læringsmiljø og struktur i læringsarbeidet retta mot elevane.

Dokumentasjonen viste at resultata på nasjonale prøver blir følgt opp på skulen. Etter ein intern prosess i personalet, blir skulen sine refleksjonar tatt vidare til møte med barneskulan i krinsen for felles drøfting av korleis resultata skal tolkast og korleis dei kan nyttast vidare i arbeidet mot auka læringsutbytte for elevane. Eit konkret resultat av den felles vurderinga er at skulane i krinsen no nyttar same læreverk i matematikk for at elevane skal møte same omgrep bruk i faget gjennom heile grunnskulen.

I verksemndsplanen til Ostereidet ungdomsskule er inneverande skuleår temaet lesing vidareført mellom anna gjennom bruk og utvikling av tiltaket LeseLOS. I tillegg har skulen etter ei intern vurdering denne hausten sett særleg søkjelys på lokalt læreplanarbeid. Dette kom fram i både årshjul og intervju.

I intervju og eigenvurderingar kom det fram at vurderingsarbeidet vart sett på som ein kontinuerleg prosess der personalet på teammøta og langdagar gjer vurderingar og set i verk eller eventuelt justerer tiltak knytt til organisering, tilrettelegging og gjennomføring

av opplæringa. Døme på dette kan vere gjennomføring av faglege tema i mindre grupper, bruk av læringspartner, redusert leksemengde eller utvikling av opplegg for eigenvurdering for å auke refleksjonsnivået over eiga læring for elevane.

Fylkesmannen finn at det er dokumentert skriftleg og i intervju at endringar blir sette i verk og følgt opp etter gjennomførte vurderingar. Endringane har alle som mål å auke elevane si måloppnåing i tråd med måla i LK06.

Medverknad

Det går fram av dokumentasjonen og intervjuat lærarane er, saman med leiinga på skulen, hovudaktørane i skulen sitt vurderingsarbeid. Plangruppa tilrettelegg arbeidet med den skulebaserte vurderinga. I tillegg blir elevråd, FAU og SU informert om arbeidet. I intervju vart det som eit døme vist til at når skulen skåra lågt i Elevundersøkinga på elevmedverknad og eigenvurdering, vart ikkje endringar gjennomført før elevane hadde uttalt seg. Representantar frå elevrådet deltok også på siste kvalitetssamtale med skuleeigar der dei kom med relevante innspel.

Skulen gjennomfører Foreldreundersøkinga, men deltakingsprosenten er låg sjølv om skulen har arbeidd for større deltaking. Ingen foreldrerepresentantar har heller hatt høve til å delta i kvalitetssamtalen med skuleeigar. Skulen opplever det som positivt at FAU har lagt opp til relevante temakveldar. Eit døme frå inneverande skuleår er temakveld om nettvett.

Rektor informerer FAU og intervjuat stadfesta at rektor gir personalet tilbakemelding frå FAU-møta.

Fylkesmannen finn det dokumentert at berørte partar på skulen er involverte i arbeidet med skulebasert vurdering og i arbeidet med endringar og tiltak på bakgrunn av konklusjonane.

Jamleg gjennomføring

Det gjekk frem av intervju at skulen gjennomfører Ståstadsanalysen kvart tredje år. Det blei i tillegg opplyst om at skuleeigar skal ha kvalitetssamtale med Ostereidet ungdomsskule våren 2017. Kommunen sin eigenvurdering viser at skuleeigar hentar inn informasjon om skulane sin praksis i høve til skulebasert vurdering i samband med førebuing til kvalitetssamtalen.

Årshjul og intervju stadfesta at skuleleiinga ved Ostereidet ungdomsskule legg til rette for vurdering av skulen sitt æringsarbeid både i heile personalet og i mindre grupper med jamne mellomrom. Rutinar for når skulebasert vurdering blir gjennomført kjem fram av skulen sitt årshjul med plan for bruk av fellestid, avdelings- og trinnmøte.

Fylkesmannen finn det dokumentert at skulebasert vurdering blir gjennomført jamleg.

7.3 Fylkesmannens konklusjon

Ostereidet ungdomsskule vurderer jamleg i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsett i Læreplanverket for Kunnskapsløftet, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. Lovkrav om skulebasert vurdering er oppfylt.

8. Frist for retting av brot på regelverket

Fylkesmannen har konstateret lovbro. I denne rapporten får Lindås kommune frist til å rette dei ulovlege forholda, jf. kommunelova § 60 d.

Frist for retting er 1. mars 2017. Kommunen må innan denne datoens sende Fylkesmannen ei erklæring om at dei ulovlege forholda er retta, og ei utgreiing om korleis lovbroa er retta.

Dersom forholda ikkje er retta innan den fastsette rettefristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på etter reglane for dette i forvaltningslova, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Vi varslar at følgjande pålegg kan bli vedtekne:

Skulen sin arbeid med opplæring i fag

Lindås kommune må syte for at arbeidet med individuelle opplæringsplanar ved Ostereidet ungdomsskule er i samsvar med opplæringslova §§ 5-1 og 5-5.

Lindås kommune må i samband med dette sjå til at:

- Innhaldet i IOP samsvarer med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa og at eventuelle avvik frå LK06 vert synleggjort.

Undervegsvurdering for å auke elevane sitt læringsutbytte

Lindås kommune må syte for at den individuelle undervegsvurderinga ved Ostereidet ungdomsskule medverkar til at elevane får realisert sine moglegheiter til å nå måla for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-5 og forskrift til opplæringslova §§ 3-1, 3-2, 3-11, 3-12 og 3-13.

Lindås kommune må i samband med dette sjå til at:

- Lærarane rettleiar elevane i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i det enkelte faget og kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse.
- Skulen har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane i halvårsvurderinga
 - gjev informasjon om eleven sin kompetanse i faga
 - gjev rettleiing om korleis eleven kan auke kompetansen sin

Grethe Fjeld

tilsynsleiar

Eva Bendiksen

seniorrådgjevar

Vedlegg 1: Dokumentasjonsgrunnlaget

Følgjande dokument vart innsendt frå skulen i samband med tilsynet:

Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbyte av opplæringa

- 1 Døme på årsplanar
- 2 Døme på vekeplanar
- 3 Døme på vurderingskriterier
- 4 Døme på eigenvurderingsskjema
- 5 Døme på karakterprotokoll
- 6 Døme på eigenvurdering
- 7 Døme på halvårsvurdering utan karakter
- 8 Prosedyre for Ressursteam - Spesped.

Skulen sitt samarbeid med andre etatar

- 9 Prosedyre for kontakt med PPT
- 10 Prosedyre for kontakt med barnevernet
- 11 Døme på einskildvedtak, med IOP

Skulebasert vurdering

- 1 Arbeid med nasjonale prøver
- 2 Arbeid med elevundersøkinga
- 3 Arbeid med lokal mobbeundersøking
- 4 Årsevaluering I og II

Diverse utfyllande info

- 1 Årshjul drift og utvikling
- 2 Ordensreglar og grunnstandard
- 3 Kontakt med foreldra

Det vart gjennomført tilsyn på staden 25. oktober.

Det vart lagt fram tilleggsdokumentasjon i intervjua:

Vurdering for læring Ostereidet ungdomsskule 2016-19
Ostereidet ungdomsskule 2016-17 – årleg informasjon til tilsette
Invitasjon til foreldresamtale 2016-17 – skriv frå rektor

Vedlegg 2: Spørsmål til elevane

SPØRJESKJEMA FOR ELEVAR

Spørsmåla handlar om forhold som er viktige for læringa di. Det er ingen rette eller feile svar, vi vil berre vite korleis du opplever situasjonen på skulen din. Det er frivillig å delta i spørjeundersøkinga. Ingen skal vite kven som svarer kva, og derfor skal du ikkje skrive namnet ditt på skjemaet, men:

- Kryss av for den klassen/gruppa du tilhører
- Kryss av for anten ja eller nei på spørsmåla

9. trinn	10. trinn
----------	-----------

SPØRSMÅL	JA	NEI
1. Forklarer læraren kva som er måla i faget, slik at du forstår kva du skal lære? a) Matematikk b) Norsk c) Kunst og handverk		
2. Får du vite kva læraren legg vekt på når arbeidet ditt i faget blir vurdert? a) Matematikk b) Norsk c) Kunst og handverk		
3. Fortel læraren deg undervegs i opplæringa kva du får til i faget? a) Matematikk b) Norsk c) Kunst og handverk		
4. Snakkar læraren med deg undervegs i opplæringa om kva du bør gjere for å bli betre i faget? a) Matematikk b) Norsk c) Kunst og handverk		
5. Får du vere med og vurdere arbeidet ditt i faget, til dømes korleis du har gjort det i ei oppgåve, ei framføring eller eit prosjekt? a) Matematikk b) Norsk c) Kunst og handverk		
6. Får du vere med og vurdere korleis du utviklar deg i faget gjennom skuleåret? a) Matematikk b) Norsk c) Kunst og handverk		
7. Tenk på samtalen du har med læraren/kontaktlæraren din kvart halvår: Fortel læraren deg i denne samtalen kva du får til i faget? a) Matematikk b) Norsk c) Kunst og handverk		
8. Tenk på samtalen du har med læraren/kontaktlæraren din kvart halvår: Snakkar læraren med deg i denne samtalen om kva du bør gjere for å bli betre i faget? a) Matematikk b) Norsk c) Kunst og handverk		